

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.05.2007
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Legefordeling - Helse Stavanger HF**

Arkivsak

2007/166/005

Styresak 049/07 B

Styremøte 23.05. 2007

Bakgrunn

Helse Vest RHF fordeler kvart år nye legestillingar, tildelt frå Helse- og omsorgsdokumentet i Oppdragsdokumentet, til helseføretaka. I samband med ei undersøking som Riksrevisjonen foretar, er det avdekka eit stort tal stillingar som er oppretta utanom ordinær tildeling i Helse Stavanger HF.

Helse Vest RHF har i brev datert 23.3.2007 gitt tilbakemelding på dei spørsmåla som blei stilt frå Riksrevisjonen. Det er rapportert at Helse Stavanger HF har totalt 62 stillingar (42 overlegestillingar og 20 utdanningsstillingar) i avvik mellom tildelte og faktiske stillingar.

Styret blei orientert om saka i styremøte 11.4.2007. Styret ba om at ny sak med forslag til løysing blir lagt fram i neste styremøte.

Kommentarar

Nasjonalt råd for spesialistutdanning av legar og legefordeling

Nasjonalt råd for spesialistutdanning av legar og legefordeling (NR) blei orientert om situasjonen i rådsmøtet den 16.4. 2007. Sosial- og helsedirektoratet ser alvorleg på at det no er mange døme på manglande lojalitet til legefordelingssystemet.

NR vil be Helse- og omsorgsdepartementet sørgje for å at det blir gjennomført ei undersøking av legestillingane i helseføretaka for å kartlegge om legar sit i uheimla stillingar. NR vil vidare be Helse- og omsorgsdepartementet gjera greie for kva reaksjonsformer som er aktuelle å ta i bruk når reglane i stillingsreguleringssystemet ikkje blir etterlevd.

Helse- og omsorgsdepartementet har satt i gang eit arbeid for å forenkle og forbetre registreringa av legestillingar i pasientretta arbeid i spesialisthelsetenesta. Det er føreslått at det kan opprettast erstatningsstillingar på grunnlag av uutnytta avtalte årsverk i pasientretta legearbeid ved helseføretaka. Det er grunnlag for å opprette erstatningsstilling når avtalt årsverk i pasientretta arbeid er mindre enn 100 %, dvs. mindre enn tildelt stillingskvote. Det kan være ei rekke grunnar til at ein lege har under 100 % av eit årsverk i klinisk arbeid; forskning, undervisning, fordjuping, administrasjon, delvis permisjon ved fødsel og omsorgsoppgåver, delvis sjukemelding eller ufør, delvis pensjon eller tidlegpensjon, eller svekka arbeidsevne ved høg alder. Det må utarbeidast eit generelt regelverk for tildeling av erstatningsstillingar uavhengig av årsakstilhøva. Arbeidet med å opprette erstatningsstillingar er føreslått delegert til dei regionale helseføretaka, som gis høve til vidare delegering til det enkelte helseføretak. Det er uvisst kor stor betyding dette kan ha for avviket i Helse Stavanger HF.

Søknad om godkjenning av seks stillingar

Helse Vest RHF har tatt opp med Sosial- og helsedirektoratet spørsmålet om å få godkjent dei seks stillingane som blei oppretta i samband med døgnkontinuerlig tilstedevakt ved Redningshelikopterbasen på Sola. Sosial- og helsedirektoratet har behandla saka og tilrår overfor Helse- og omsorgsdepartementet at dei seks stillingane som blei oppretta med bakgrunn i døgnkontinuerleg legeberedskap ved redningshelikopterbasen på Sola blir godkjent. Helse- og omsorgsdepartementet har per i dag ikkje gitt tilbakemelding, men det er gode utsikter til at dette skal gå i orden.

Tilhøva i dei andre helseføretaka

Helse Vest RHF har i denne saka også bedt Helse Fonna og Helse Førde om ei tilbakemelding på dei same spørsmåla som Riksrevisjonen stiller til Helse Stavanger og Helse Bergen. Vi har også bedt Helse Bergen om å kvalitetssikre tidlegare tilbakemelding om at dei ikkje har uheimla stillingar i føretaket.

Helse Fonna HF melder at dei ikkje har avvik mellom tildelte og faktiske stillingar. Dei har derimot ledige stillingsheimlar.

Helse Førde HF melder at dei ikkje har avvik mellom tildelte og faktiske stillingar. Dei har derimot ledige stillingsheimlar.

Helse Bergen HF har gjort ein ny og grundig gjennomgang av legestillingane. Dei har nokre få legestillingar utan ID-nummer, men desse går i administrative stillingar eller på annan måte ikkje knytt til pasientbehandling. Dei kjem såleis inn under definisjonen av erstatningsstillingar.

Styresak i Helse Stavanger HF

Helse Vest RHF ba i brev datert 12.4.2007 om at styret i Helse Stavanger HF drøfta saka snarast råd og kom med forslag til ei løysing på problemet. Det blei bedt om ein plan der det blir gjort greie for realistiske tiltak på kort og på noko lengre sikt. Helse Vest la til grunn at det blei tatt omsyn til pasientbehandling og utdanningskapasitet slik at konsekvensane til desse hovudoppgåvene blir minimalisert.

Helse Stavanger blei også bedt om å gå spesielt gjennom forholdet for utdanningsstillingane slik at plasseringa blir i samsvar med godkjenning gjort av den aktuelle spesialistkomiteen.

Styret i Helse Stavanger HF behandla i møte 25.04.07 sak 040/07 O Legefördeling – Helse Stavanger HF. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret ser alvorlig på at det foreligger et avvik mellom tildelte legehjemler fra Nasjonalt råd for legefördeling og det reelle antall leger som arbeider ved Helse Stavanger HF.
2. Styret vil i samråd med Helse Vest RHF søke å lukke avviket så raskt det er praktisk mulig samtidig som man ivaretar de forpliktelser man har i forhold til pasientbehandling og undervisning.
3. Styret ber administrasjonen prioritere sterkt å anvende nye stillingshjemler til å dekke opp for eksisterende ikke hjemlede stillinger. Dersom dette i enkelte tilfeller medfører uønskede konsekvenser og/eller utfordringer vil styret ha melding om dette.
4. Styret vil anmode eier om å bli positivt prioritert ved fördeling av legestillinger for 2007/2008.

Saksførelegget inneheld ein del påpeikingar som vi vil kommentere.

- Skeivfordeling av legestillingar

I saksførelegget gis det ei oversikt over legefördelinga internt i Helse Vest RHF. Denne viser at Stavanger har 24,6 % av alle legestillingane. Det blir peika på at dette er langt mindre enn dei vanlege fördelingsnøkane skulle tilsei. Dei uheimla stillingane kjem i tillegg.

Det er fleire forhold som må tas i betraktning når ein samanliknar fördeling av legestillingar.

Helse Vest RHF har i brevet til Helse Stavanger informert om at vi vil gjere ei ekstern vurdering av legefordinga mellom helseføretaka i regionen. Vi vil be om ei vurdering av stillingsstrukturen med utgangspunkt i mellom anna befolkning, funksjonar og sjukehusstruktur.

- Gjennomgang av legehjemler

I saksførelegget står det: *Administrerende direktør fant ved sin tiltredelse i Helse Stavanger HF grunn for å gjennomgå legefordingen i forhold til godkjente legehjemler i helseføretaket. Denne gjennomgangen ble gjort høsten 2004 og viste at det var 48 uhjemlede stillingar i helseføretaket. Dette ble muntlig tatt opp med Helse Vest samtidig som man i november 2004 fremmet forslag til nye legestillingar i spesialisthelsetjenesten gjorde skriftlig oppmerksom på at man hadde gjennomgått legestillingar og funnet en del uhjemlede stillingar og tok dette med i de prioriteringane Helse Stavanger gjorde. Ved tildeling opprettholdt Helse Vest RHF sin tidligere praksis og fant ikkje grunn til å spesielt prioritere Helse Stavanger fordi man hadde uhjemlede legestillingar.*

I fotnote heiter det vidare: *I etertid ser vi at det trolig er en betydelig underrapportering også i 2004 når det gjelder uhjemlede assistentlegestillingar. Dette ble først avdekket etter siste grundige gjennomgang av klinikkene nå i mars/april.*

Spørsmålet om uheimla stillingar kom opp i samband med søknad om nye stillingar i 2004.

I søknad frå Helse Stavanger HF datert 10.11 2004 er det vist til: *"Helse Stavanger HF har gjennomgått sine legestillingar og her funnet at man har en del uhjemlede stillingar og vil derfor i vår prioritering legge til grunn uhjemlede stillingar samt de føringer som ligger i departementets brev. På den bakgrunn er en kommet frem til følgende prioritering: 6 assistentleger og 5 overleger.*

Fagdirektørmøtet i Helse Vest behandla i sitt møte 18. november 2004 som sak 32/04; *Fordeling av nye legestillingar i spesialisthelsetenesta for 2005.* Helse Vest var tildelt 28 stillingar til fordeling i 2005. I referatet frå dette møtet heiter det; *i fall nokon av føretaka har "grå stillingar" må dette ryddast opp i no.*

Helse Stavanger HF har i tildelingane av legestillingar kvart år sidan 2004 hatt høve til å redusere talet på "grå stillingar". Dette er ikkje gjort.

Forslag til løysing

Helse Vest ser det som vanskeleg å lukke eit så stort avvik på kort sikt og det må arbeidast både med strakstiltak, og tiltak på noko lengre sikt. Helse Vest vil prøve å få aksept for å få fleire stillingar godkjente gjennom Nasjonalt råd. Helse Vest vil og etablere eit felles regionalt regelsett for oppretting av erstatningsstillingar i tråd med nasjonale føringar. Dette vil i nokon grad kunne gi Helse Stavanger HF nye stillingar.

Dersom Helse- og omsorgsdepartementet godkjenner dei 6 legestillingane ved Redningshelikopterbasen på Sola står det att 56 stillingar. Helse Vest vil legge følgjande premisser til grunn for arbeidet med å få på plass heimla stillingar i Helse Stavanger:

1. Få aksept for at det vil ta noko tid før ein får dekkja opp dei ikkje heimla stillingane, t.d. 3 år. Å få dette til på kortare tid vil bli svært krevjande, og vil få store konsekvensar for dei andre helseføretaka.
2. Helse Stavanger får ein litt større del av kvoten for 2007 enn dei elles ville ha fått. Denne ordninga vert vidareført for 2008 og 2009. I tråd med styrevedtaket i Helse Stavanger skal dei nye stillingane dekke opp for ikkje heimla stillingar. Kvoten for 2007 vert sett til 17 stillingar. Det vert lagt følgjande føringar for bruken av dei 17 stillingane og for vidare tildeling i 2008-2009:
 - a. Utdanningstillingane vert prioriterte. Helse Vest kan ikkje ha utdanningskandidatar som kan risikere å ikkje få godkjend utdanningstida si ved å gå i uheimla stillingar. Helse Stavanger må sørge for at dei aktuelle spesialitetskomiteane vert førelagd sakene med sikte på å få utdanningstillingane godkjende.
 - b. Nasjonale satsingar som for eksempel psykiatri og barne og ungdomspsykiatri må prioriterast framfor andre fagområde.
 - c. Det må og takast omsyn til rekrutteringsvake fagområde.

3. Ekstratildelinga til Helse Stavanger vert dekkja inn med ei mindre tildeling til dei andre helseføretaka og andre. Konsekvensane bør vere små fordi alle helseføretaka har ledige stillingsheimlar (56 stillingsheimlar utlyst, men deretter stått ledig i minst 6 månader). Det nasjonale regelverket er slik at helseføretaka står fritt til å omdisponere dei stillingane dei har.

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF tar saka til etterretning og ber administrerande direktør følgje opp saka overfor Sosial- og helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet med sikte på å finne løysingar i tråd med forslaget i saksførelegget.